

Røysterett for alle på songarstemna

07.06.2009



Koret varmar opp ute på kaien. (Foto; Kjell Magne Haugland)

Laurdag og sundag var Røysterett for alle på songarstemna i Haugesund.

Koret var med på Singers Corner i Haraldsgata og profan konsert i Maritim Hall. På framføringa ute i handletida fekk koret tilvist plass noko nord i Haraldsgata. Dette medførte at det helst var lite folk som høyrde på.

I Maritim Hall framførte koret tre songar,- mellom anna Den dag kjem aldri at eg deg gløymer og den svenske Man borde inte sovva.
Det vart nytta bruremarsjar til inngang og utgang.

Røysterett for alle kom godt frå oppgåva og fekk profilert koret og bygda på ein god måte i Haugesund.

6. juni var Flaggans Dag. Med den svenske dirigenten, Maria Malmsten, vart den svenske nasjonaldagen markert på ein munter og fin måte.